



*Bygdelagsstemna  
på Folkemuseet  
7. juni*



*Rekeselskap på Nordfjordhytta  
30.-31. mai*

1.- 5. juli 2015

FØRDEFESTIVALEN

## Du blomstrande mai –

med gode frida gar og rikeleg høve til turar i skog og mark.  
Legg gjerne turen til lagshytte, både Nordfjordhytta og Pustut er klargjort for  
vitjing, anten du tek deg ein dagstur eller vil overnatte.

- Fredag 27. mars markerte vi at Nordfjordlaget ville ha vore 100 år den dagen, med nokre tilbakeblikk, god mat og triveleg stemning. Sjå melding uti bladet.
- Laurdag 25. april var det vedhogst på Nordfjordhytta, og 9. mai dugnad på Pustut.
- 17. mai dansa Sogn og Fjordaneringen på sjukeheimar i Bærum, som så mange år tidlegare...

**Helga 30.-31. mai** vert det rekeselskap på Nordfjordhytta. Sjå eiga melding.

Når mai går over til juni, står árvisse tiltak nærmast i kø:

- 7. juni:** Bygdelagsstemna på Folkemuseet på Bygdøy. Sjå eiga melding.  
**9. juni:** Sommaravslutning i Sogn og Fjordaneringen.

Og når det går mot haust, har vi mykje godt å sjå fram til:  
Ostehelg, smalahove og ikkje minst

**Klubbefesten 7. november!** Merk deg datoën  
alt no.

Program og dansemusikk er hyra inn alt – og vi  
“berre” nemner...

Konsert med **Sigríð Moldestad!** – og **Arne Sølvberg**  
med *Fjelljom Spelemannslag*...

God sommar til dykk alle og vel møtt til ein haust  
rik på opplevingar!



**Anny Sollid**  
Lagsleiar

For oppdatert program, kontaktoppl. og kart til hyttene, følg med på nettsidene våre:  
<http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://www.sognogfjordaneringen.no/>

# **Rekeselskap på Nordfjordhytta 30.-31. mai**



Vi inviterer til hyttehelg med god mat og drikke og prat.  
Ta med reker og høveleg drikke til festmåltid laurdagskvelden.  
Ta også med litt frukostmat til lang felles frukost søndag.

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

# Dugnadar på Nordfjordhytta

Til no i år er det på hytta utførd ein del duggnadsarbeid, og blant anna har vi

- Rundvaska hytta inkludert vask av alle vindauge.
- Lufta puter og teppe
- Hogge ved

Det har hittil i år vore to utleiger, og den tredje kjem i pinsa

Hyttestyret v/Dagfinn Aa

# Nordfjordhytta er bortleigd

laurdag-søndag i pinsehelga


Hyttestyret v/Dagfinn Aa

# Bygdelagsstemnet på Norsk Folkemuseum på Bygdøy

Søndag den 7. juni



*Bygdelagssamskipnaden*  
[www.bl.no](http://www.bl.no)



## PROGRAM FOR BYGDELAGSSTEMNET

**TORGET**  
1245 Oppstilling til stemmetog. Ta med faner  
1300 Stemmetoget går frå Torget til Festplassen

**FESTPLASSEN**  
1315 - 1320 Opning av program på scena v/leiar/styret i BLS  
1325 - 1340 Barnelaget i BLS danser  
1345 - 1405 Barnelaget i BUL - Frå ide til Framsyning  
1410 - 1420 Barnelaget i BUL - BULder og brak

**1430 - Felles piknik på Festplassen med hove til grilling**

**TELEMARKSTUNET** Symra  
1500 - 1520 musiker: Solvor

**NUMEDALSTUNET** Hordaringen  
Musiker: Sigurd

**1530 - 1600** BULder og Brak  
danser noen økter  
i tidsrommet.  
skaffer egen musiker

**Sogn og Fjordaneringen/**  
musiker: Solvor

**TORGET**  
1600 - 1650 Fellesdans; Turdanser  
Musiker: Solvor, Sigurd, Mary. Alix instruerer.

**PLATTING VED TORGKAFFEE**  
1600 - 1650 Bygdedans frå: Hallingdal, Numedal, Telemark og Valdres  
Musiker: Laura Ellestad

**FESTPLASSEN**  
1700 - 1730 BLS spanderer kaffi/kaker i år også  
Ved regn serveres dette i Foredragssalen.

**1730 – 2000 Østerdølenes Spelemannslag spelar til dans**


## Feira Nordfjordlaget i Oslo 100 år

Fredag 27. mars markerte vi at Nordfjordlaget vart skipa på den datoen for 100 år sia.

Siste fredagen før påske var det ikkje så mange som møtte,

men det vart eit fint, minnerikt program, god mat og triveleg stemning. Leiar *Anny Sollid* leidde festen og drog fram historiske smakebitar, m.a. frå skipinga. *Jon Rosenlid* tok føre seg samferdsla både heime i Nordfjord og mellom landsdelane i gamle dage, ikkje minst med bil. Og *Alv Reidar Dale* leidde allsongen, som innleigd spelemann *Stein Magne Eggen* spela til.

Det vart også hugst på at *Sigurd Nesdal*, i mange tiår ein ‘kjernek’ både i laget og ringen, kunne fylt 100 år same dag som laget. Eit av dikta hans, “Nattefriing” vart lese. I det heile ei fin markering av at det nordste fogderiet sitt lag i hovudstaden ville ha runda hundre.



## Dugnad på Pustut

Det var dugnad på Pustut laurdag 9. mai. Fire arbeidslystne personar møtte opp. Veret var fint nok til at vi fekk lufta sengkle. Vi vaska og rydda inne. Dessutan flytte vi ein god del reiskap og verkty bort i uthuset. Den gamle doen er teken i bruk som lagerplass. Den nye doen er no berre do og ikkje kombinert lagerplass og do. Begge inngangane er rydda.

Særleg om haustane har vatnet i brønnen vorte grumsete. I eit forsøk på å få slutt på dette, tømde vi brønnen omtrent heilt og reinska veggane. Vi vonar dette vil ha effekt på vasskvaliteten.

Dei fire dognadsfolka gjekk heim ut på kvelden. Søndag kom fire andre spreke personar til Pustut. Dei bar vakk steintrøysa som låg ved det nye inngangspartiet.

Alt i alt vart det gjort mykje og synleg arbeid på Pustut denne helga. Eg oppmodar medlemane om å nytte hyttene våre.

Agnar Hegrenes

## Sogn og Fjordaneringen dansa 17. mai i Bærum

Dagfinn Aa har laga ei kort oppsummering på heimesida til ringen  
<http://sognogfjordaneringen.no/meir-enn-50-ar/>

1.- 5. juli 2015

# Førdefestivalen

FØRDE TRADITIONAL AND WORLD MUSIC FESTIVAL

NB! NYTT TELEFONNUMMER: 46 90 50 10 | NEW  
TELEPHONE NUMBER: (+47) 46 90 50 10

<http://www.fordefestival.no/>

## Vellukka framsyning på Lille Tøyen sykehjem 12. mars.



Det har vore lite framsyning for Sogn og Fjordaneringen dei siste åra, men 1. mars vart vi bedne om å vise litt folkedans på Lille Tøyen sykehjem. Nokre av dei som såg på vart så oppglødde at dei ville bli med på øvingane våre ..... sa dei. Bildene vart tatt av ein for oss ukjend tilsett ved sjukeheimen.



Dei som var med, frå venstre: Solvor Sundsbø (spelekvinne), Berit Aamodt, Dagfinn Aa, Marit Haug Loen, Finn Stafsnes, Randi Solheim, Solveig Næss, Olav Kvam, Tone Eid. Foto: Finn Stafsnes.



Songdans, truleg "Vise for gærne jenter".



Marit Haug Loen og Dagfinn Aa i farten i ein vestlandsspringar. Foto: Finn Stafsnes.

## RØROSLEKEN 2015

Turkomiteen i Sogn og Fjordaneringen arrangerte tur til Rørosleken i 2012. Det var så veldig godt, så siden har Svein Aasen tatt på seg turopratørjobben hvert år i samarbeide med bussjåfør Hogne Telnes, tidligere felespiller i Ringen.

Det er Røros Folkedanslag som inviterer til stor og flott dansehelg første helg i mai hvert år. Det arrangeres ikke så mange leikfester nå lengre, derfor er dette en fin anledning til å møte gamle folkedansvenner.

Til leikfesten på lørdagskvelden som er høydepunktet, kommer det folk fra Sverige og hele Østlandet. I år var Søgne det sydligste stedet under presentasjonen.

240 gjester til middag med reinskav fra Rørosvidda, stort kakebord og flott musikk av Grenselaget. Ifølge tradisjonen spilles det mye Rørospols, men også sangdans, rekkedans og gammeldans.

I tillegg til leikfesten lørdag kveld, var det, da vi kom fram fredag "Bli kjendt kveld" i Gymbygget kl. 20 - 24.

Lørdag "Middagsdans" i Sangerhuset kl. 12 - 15, så Leikfesten kl. 19 - 02 i Gymbygget og søndag "Etterpålag" kl. 11 - 14 i Sangerhuset.

Gjennomgangsbilletten for disse 4 arrangementene er 700 kr. Det er et stort løft for et så lite lag som Røros Folkedanslag.

Ifjor fikk vi beskjed om at det skulle bli 40 års jubileum i år, men etter nøyere gransking viste det seg at det blir 40 års jubileum i 2016.

Svein har lagd en fin tradisjon.

Tusen takk til Svein, Hogne, "Baksetelaget" som spilte i bussen og alle de hyggelige medreisene.

Hilsen Tone Eid

Etterskrift:

Rørosleken 2016 blir 6. - 8. mai. Buss fra JVB med Hogne som sjåfør er allerede bestilt. Rom med plass til totalt 40 er reservert på Erzscheider-gården. Dere som har lyst og anledning til være med på en busstur til Røros hvor det blir mye dans, spesielt mye Rørospols - kryss av i kalenderen nå.

Dansehilsen fra Svein



Et knippe med ukjendte, velkledde Vestlendinger som poserte velvillig. Foto: Tone Eid.



Leder Anny Sollid og nestleder Alv Reidar Dale i Sogn og Fjordanelaget svinger seg i dansen.  
Foto: Tone Eid.



Alltid hyggelig og møte tidligere dansevenner. Hege og Tor Lunde danset tidligere i Sogn og Fjordaneringen, har nå flyttet tilbake til Trondheim, her med datter Elise Ye og venninne Kristine. Foto: Tone Eid.



Randi Gullikstad, kjendt polsdanser og instruktør fra Røros danser med turopratør Svein Aasen. Foto: Tone Eid.



"En bussjåfør, en bussjåfør, det er en mann med godt humør, - - - Foto: Tone Eid.

A

## PROGRAM FOR VÅREN OG HAUSTEN 2015

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/461-2/>

Laget sin konto er **0531 27 71723**

Opplysingar om folkedanstilskipingar finn ein på <http://folkedans.com/> og <http://www.bls.no/index.php?pubid=kalender&>

Kvar tysdag Kl. 19–21.45 Folkedansøving i Storsalen.

Torsdagar Raspeball-/kake/klubb på Kaffistova i Rosenkrantz gate 8. Då er det ofte einkvan frå laget der. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får du rabatt.

Torsdag 19/2 Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget

Fredag 27/3 Feiring av Nordfjordlaget 100 år

Laurdag 25/4 Dugnad på Nordfjordhytta

Laurdag 9/5 Dugnad på Pustut

Søndag 17/5 Framsyningsdansing på helseinstitusjonar i Bærum

Helga 30-31/5 Rekeselskap på Nordfjordhytta

Søndag 7/6 Bygdelagsstemnet på Norsk folkemuseum på Bygdøy

Tysdag 9/6 Sommaravslutting i Ringen

Laurdag 7/11 Klubbefest i Sogn og Fjordanelaget

### Lagsavisa Tre Fjordar - fristar mm.

Frist for innsendning av stoff til neste avis er 21. august. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Vi er takksame for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt til [agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no](mailto:agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no). Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Bilete er velkomne; helst digitale, men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad, Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal. (tlf.nr. på baksida).

Sendar: **SGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

### STYRET

**Leiar:** Anny Sollid 22 61 38 88(p)  
anny.solid krøllafa online.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63  
hilmar krøllalfa getmail.no

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
agnar.hegrenes krøllalfa nilf.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:** Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
andorgj krøllalfa frisurf.no

**Kontakt Nordfjordhytta:** Dagfinn Aa 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)  
daa krøllalfa ssb.no

### SGN OG FJORDANDERINGEN

**Leiar:** Valbjørg Grønvik 48 18 28 98  
valbjorg.gronvik krøllalfa gmail.no